

Med og utan Hamar bispestol

Ivar Teigum

Kristoffer Jansson var forfattar og prest. Folkehøgskulelærer var han både på Romundgard i Sel og i Gausdal. Med bakgrunn frå opphaldet i Gudbrandsdalen skreiv han romanen *I dansketida*. I romanen, der han delvis legg handlinga til Lom, er han oppteken av hendingane kring reformasjonen på 1500-talet og statskuppet til kong Christian 3 som i ein setning gjorde Noreg til ein del av Danmark liksom Jylland og Sjælland.

Romanen krinsar om tre forhold typiske for generasjonen kring 1870, og i tida som følgde. Det eine var undertrykkinga av Noreg som suveren stat under Danmark. Det var sjølv sagt å sjå på som ei ulykke. Det andre var den lutherske reformasjonen. Brotet med pavekyrkja har vore framstilt som eit gode i lærebøkene på heile 1900-talet. Det tredje omsynet galdt folkehøgskulen. Etter å ha misst Noreg i 1814 og Slesvig og Holstein i 1864 var Danmark eit lite granneland og ikkje lengre eit imperium. Men dette landet var i ferd med å gje oss både folkehøgskulen og teologen Grundtvig med sin glade kristendom.

Statskuppet i 1537 var altså ei underkuing av eit katolsk land. Biskopen i Hamar støtta erkebiskopen og den norske riksrådsleiaren Olav Engelbrektsson, derfor vart Hamar bispedøme nedlagt, og lagt under Oslo.

Eg viser til to bøker. Historikaren Lars Hamre gav i 1998 ut mursteinen *Norsk politisk historie 1513-1537*. I samband med reformasjonsjubileet i 2017 skriv Sigrun Høgetveit Berg den oversiktlege vesle boka *Reformasjonen*. Berg er også historikar. Båe bøkene kom på Samlaget.

I snaue 400 år var altså Hamar eit sentrum på det indre Austlandet for religiøst liv og kyrkjeleg administrasjon. Så kom ei topphald fram til 1864 da stiftet låg under Oslo. Deretter var Hamar gjenoppretta som bispedøme, altså under den nasjonale gjenreisninga, og eit tiår før Kristofer Jansson sat i Gausdal og skreiv romanen sin om dansketida.

Nikolas Brekespear og etableringa av Hamar bispestol

Nicolas Brekespear var ein engelsk kardinal. I året 1152 kom han til Nidaros for å etablere Noreg som ein eigen kyrkjeprovins under pave stolen i Roma. Frå Nidaros drog kardinalen sørover til Lund i Sverige. Seinare i det same tiåret vart han utnemnt til pave med namnet Hadrian 2. Vi veit ikkje om kardinalen drog over Dovre og nedover Gudbrandsdalen, men fjellstover fanst og sommarstid var dette ein rask veg. Det som er kjent, er at Hamar bispestol var etablert det same året. Vi veit også at den første biskopen der var kalla dit frå Grønland, der han hadde hatt si teneste frå 1126.

Hamar og Stavanger var dei to siste bispestolane som vart etablerte i Noreg i mellomalderen. Frå før fanst Nidaros, Oslo og Bergen. Etter kvart som domkyrkja i Hamar vart bygd, fekk ho så mange som tolv altar med kannikar knytte til kvart av dei. Desse altara gav kyrkja gode

inntekter i form av betalte forbøner og sjelemesser. Kannikane tok teneste som sokneprestar kringom i bispedømet. Ikkje alle prestar var knytte til domkyrkja på denne måten, men slik som ved Lomskyrkja veit vi om fleire. Den som skulle bli biskop, måtte gjra ei reise til Roma før han vart innsett.

Ei rik og mektig kyrkje

Den katolske kyrkja vart etter kvart rik og mektig, og rådde over om lag 40 % av jorda i landet. Kyrkja var også ein konkurrent til kongemakta. Eit døme på det er hamarbiskopen Ivar den vindøygde si deltaking på lomværane si side under striden om fiskevatnet Tesse tidleg på 1200-talet. Motstandaren var kong Sverre sin mann i Vågå. Eigedomane til Hamarkyrkja avgrensa seg ikkje til sjølve bispedømet. Biskopane og prestane kunne ha store eigedomar kringom i landet som tilfall kyrkja når dei var døde, ettersom dei levde i sølibat.

Etter Svartedauden på 1300-talet og prisfallet som følgde på jord, var det om å gjera for kyrkja å halde organisasjonen sin oppe. Frå året 1400 har vi eit brev frå biskopen i Hamar til prestane i Lom at et var om å gjera å halde gardane som kyrkja åtte, i drift. Så viktig var det, at det fekk stå si prøve med leiga som brukaren normalt skulle ut med.

Frå 1450 var kongen dansk, og danske menn fekk meir og meir styring med forvaltninga av landet. Som sentralt styringsorgan hadde vi eit riksråd leidd av erkebiskopen. Under vilkåra som rådde, såg erkebispnen og kyrkja det som si fremste oppgåve å halde oppe det norske sjølvstendet, mellom anna ved å styrke sin eigen organisasjon overfor den framande kongemakta. Eit tiltak i den leia her i distriktet var utnemninga av bonden på Blakar i Lom som såkalla setesvein med ansvar for erkebispestolen si jord i Gudbrandsdalen. Bispestolen i Hamar vart nedlagt fordi biskopen som den einaaste, stod saman med erkebiskop Olav Engelbrektsson under det danske statskuppet.

Reformasjnen og sjølvstendetapet

Reformasjonen i Noreg var altså ei av følgjene etter den danske maktovertakinga og statskuppet i 1537. Overtaking av kyrkjeleg landeigedom og ran frå kyrkjer hadde meir å gjera med eigeninteresser og krigsøkonomi enn med reformatorisk eldhug. Alt sterkare etter 1450 festa dei danske kongane grepet om den norske partnaren i unionen, ikkje minst med hjelp frå menn i embete som visste å sko seg. Som gode verhanar kunne dei kombinere omsynet til eiga fortjeneste, kongetruskar, og fleksibilitet i forhold til reformasjonen og trusskiftet.

Dansken Hans Rev var ein av dei, han hadde mellom anna ein magistergrad i romersk og kanonisk rett frå Paris. Komen til Noreg vart han medlem i domkapitlet i Nidaros under erkebiskopen og leiaren i riksrådet. Frå 1525 var han biskop i Oslo. Under kong Frederik 1. (1523-33) fekk han snart ein plass i det norske riksrådet. I åra som følgde, balanserte han i kongestriden mellom den avsette kong Kristian 2. og kong Frederik 3. Etter innføringa av reformasjonen vart han kalla attende til Danmark, men var fire år seinare, i 1541, attende i Oslo som protestantisk superintendent over Akershus stift, inkludert det nedlagde Hamar bispedøme.

Ved bortfallet av den norske statsmakta låg vegen open for å la dei nye styresmaktene ta over den store eigedomsmengda som hadde høyrte til den katolske kyrkja. Einaast fekk sokneprestane nytte ein del av det lokale godset som ein del av sitt underhald. Med det var pavekyrkja også borte som ei politisk motmakt. Ideologisk var nå kyrkja ei side ved statsmakta under eit strengt styre frå universitetet i København. Erkebispem i Nidaros var fjerna. Noreg var demilitarisert, og under krigen i 1563-70 mellom Danmark og Sverige kunne svenskane utan særleg hindring øydeleggje kaupangen og domkyrkja i Hamar. Med reformasjonen vart ferdsla av pilegrimar, munkar og kyrkjelege tenestemenn gjennom Gudbrandsdalen og over Dovre borte.

Einsrettinga under den lutherske statskyrkja merkast kanskje ikkje så fort i lokale sokn. Men sist på 1500-talet blir det fremja ei klage i Heidal over at fattigluten av kyrkjeskatten var fjerna og overført til kongen. Dette var ein firedel av tienda som nå skulle gå til andre føremål. Kyrkjeordinansen i 1607 kom raskt i kraft og hadde til føremål mellom anna å disiplinere folket til lydnad og rett tru. I 1627 vart ein familiefar i Sel dømd til halshogging fordi han vore full og banna Gud. Domen vart rettnok først omgjord til landsforvisning, og sidan til ei bot på 20 riksdalar til futen av omsyn til familien, likevel var dette eit skrekkenes eksempel. Gapstokken var i flittig bruk. I 1627 vart det ordna med ei ny lenke til gapstokken utanfor kyrkja på Nord-Sel.

Viktige sider av truslivet som ikkje lett let seg undertrykke, var helgenkultusen og sjelemessene. I romanen sin skildrar Kristoffer Jansson eit hemmeleg samfunn i Lom som møttest i ei hule i Bøverdalen kalla Trollkyrkja i tida etter reformasjonen på 1500-talet. Grunnlaget var kan hende ei segn som har levd vidare i tre hundre år.

Heilag-Olav var verksam. Landslova til Magnus lagabøtar frå 1274 var ein folkets eignelut som bygde på dei gamle landskapslovene, og som straks gjekk under namnet Heilag-Olavs lov. Denne lovboka vart ikkje vesentleg endra før i 1687 med innføringa av Christian 5.s norske lov. Enda lengre fram i tida var namnet til kong Olav knytt til heilage kjelder og stenar med fotavtrykk eller spor etter ein kongeleg bakende.

Kyrkjer – restaurering og nybygging

Frå verket på Sel på 1600-talet gjekk det kopar til tekking av tak på kyrkjer og slott i København. Domkyrkja i Hamar låg i ruinar, i Gudbrandsdalen var fleire av kyrkjene frå den katolske tida i ferd med å ramle ned. Unntaket var kyrkjene i Lom Vågå og Ringebu på 1600-talet. Lom og Ringebu vart restaurerte og utvida av byggmeisteren Werner Olsen, Vågåkyrkja bygde han ny frå grunnen, men la pietetsfullt til bygningsdelar frå den gamle stavkyrkja.

Utover på 1600-talet let kongen til stor skade for vedlikehaldet av kyrkjene, ein del av sine protesjear forpakte kyrkjeinntektene. Dette førte til at bøndene i 1723 vart pålagde å ta over eigarskap og vedlikehald av si soknekyrkje. Dette pålegget, som i utgangspunktet var ei bør, kunne etter som tida lei føre med seg eit auka sjølvmedvit ettersom bøndene bygde sine egne kyrkjer utover i hundreåret. I Vågå har vi klare døme på korleis kyrkjeieigarane hevda seg både i forhold til embetsmenn og underklasse i kyrkjelege samanhengar.

Prestgjeld på 1700-talet	Hovudkyrkje	Anneks
Lom	1170, utvida 1630- og 1660-talet	Skjåk 1752, Bøverdalen 1864, Garmo, 1200, 1878
Vågå	1625-27	Sel 1742 Bjølstadkapellet 1531, Heidal 1752
Lesja	1749	Lesjaskog (Lesjaverk 1697) Lesjaverk 1964, Dovre 1736
Fron	1792	Sørdorp 1752, Kvam 1776, 1952 Kvikne 1764, Skåbu 1927
Ringebu	1250, utvida 1630-31	Fåvang, 1300, ombygd 1600-talet
Øyer	1724-25	Tretten 1728
Fåberg	1100-talet, 1727	Vingrom 1908
Gausdal	1250, påbygd 1715	Vestre Gausdal, «nykyrkja» 1784

Kjelde: kirkesok.no

I kvart prestegjeld var det ei hovudkyrkje. Kyrkjene i Ringebu, Lom og Gausdal var dei som med renovering og utviding overlevde det fysiske forfallet i senmellomalderen og tida kring reformasjonen. Det var først etter at bøndene vart kyrkjeieigarar at dei fleste kyrkjene som vi kjenner, vart kosta av bøndene sjølve.

Bygging av gardsbygningar og kyrkjer representerte ein kulminasjon av uthogster i skogen framover mot midten av 1700-talet. Det starta med ein gong på 1720-talet med Gausdal, Øyer og Fåberg. I samband med gruvedrift vart kyrkjer bygde og flytte på Lesjaskog (1736) og i Sel (1742). Så kom i tur og orden Lesja (1749), Skjåk og Heidal (1752), Kvikne (1764) og Vestre Gausdal (1784). Monumental og med heilt annleis arkitektur kom Sør-Fron kyrkje i 1792.

Nyetablering av Hamar bispestol i 1864

Hamar bispestol var gjenoppretta i 1864. Folkeauken i landet var på sitt største, den nasjonale nostalgien var i bløming. Kommunar vart delte og ikkje samanslegne. Det same året vart kyrkjer bygde i Nordberg i Skjåk og Bøverdalen i Lom som mindre utgåver av dei åttekanta kyrkjene i Sør-Fron, på Røros, og kringom i fjordbygdene. Kyrkja i Garmo var den siste til å bli riven av stavkyrkjene i dalen. I 1878 måtte ho vike plassen for ei ny og større kyrkje med langskip. Lagnaden til ei stavkyrkje på denne tida er gjeven litterær utforming i romanen *Søsterklokkene* av Lars Mytting. Garmokyrkja fekk eit nytt liv på Maihaugen.

I Hamar står den gamle domkyrkjeruinen som eit kulturminne under eit vernebygg. Den gjenoppretta bispestolen har i fleire omgangar synt seg å ha progressiv kraft. Ikkje berre var Kristian Schelderup eit liberalt føredøme mot helvetesvisjonane på 1950-talet, da det endeleg

var aktuelt å tilsetja ein kvinneleg biskop, stod Hamar for tur. Og Rose Marie Køhn var den som stod opp for ein kvinneleg prest som levde i eit lespisk forhold. Alt dette er ein siger for mangfaldet.

I dag er Den norske kyrkja skild frå staten. Ved sida av andre trussamfunn må ho finne sin eigen plass og sin eigen legitimitet. Medlemsflokket svinn sidan medlemskapen ikkje lengre er ei automatisk slik arven frå danskeveldet kravde. Med den store innvandringsbølgja til landet frå 1970-talet og seinare finn vi sjølv i små kommunar representantar for titals trussamfunn. I eit historisk oversyn i Teologisk tidsskrift frå 2018 peikar Øystein Rian i konklusjonen på at den katolske kyrkja er den som har den største tilvoksteren. Det er tankevekkjande i eit land som aldri ba om å få noko anna. Heilag-Olav blir feira som aldri før.